

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN  
nr. 64/2007**

**av 15. juni 2007**

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område  
utanfor dei fire fridommene**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 107/2005 av 8. juli 2005<sup>(1)</sup>.
- 2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1719/2006/EF av 15. november 2006 om skiping av programmet ”Aktiv ungdom” for tidsrommet 2007–2013<sup>(2)</sup>.
- 3) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1720/2006/EF av 15. november 2006 om skiping av eit handlingsprogram på området livslang læring<sup>(3)</sup>.
- 4) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2007 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkkel 1*

I protokoll 31 artikkkel 4 vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 2k skal nytt nr. 2l lyde:

”2l. EFTA-statene skal fra 1. januar 2007 delta i følgende programmer:

---

<sup>(1)</sup> TEU L 306 av 24.11.2006, s. 45, og EØS-tillegget til TEU nr. 60 av 24.11.2005, s. 28.

<sup>(2)</sup> TEU L 327 av 24.11.2006, s. 30.

<sup>(3)</sup> TEU L 327 av 24.11.2006, s. 45.

- **32006 D 1719:** Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1719/2006/EF av 15. november 2006 om skiping av programmet ”Aktiv ungdom” for tidsrommet 2007–2013 (EUT L 327 av 24.11.2006, s. 30),
- **32006 D 1720:** Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1720/2006/EF av 15. november 2006 om skiping av eit handlingsprogram på området livslang læring (EUT L 327 av 24.11.2006, s. 45). ”

2. Teksten i nr. 3 skal lyde:

”EFTA-statene skal bidra finansielt til programmene og tiltakene omhandlet i nr. 1, 2, 2a, 2b, 2c, 2d, 2e, 2f, 2g, 2h, 2i, 2j, 2k og 2l, i samsvar med avtalens artikkel 82 nr. 1 bokstav a).”

#### *Artikkelf 2*

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2007.

#### *Artikkelf 3*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 15. juni 2007

For EØS-komiteen

***A. Seatter***

Formann

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.